

Plan og bygesak
Marianne Aadland Sandvik

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18007 - 20/76937

Saksbehandlar:
Trond Engelsen
trond.engelsen@alver.kommune.no

Dato:
02.12.2020

Søknad om dispensasjon - parkeringsplass - gbnr 349/9 Rossland - ny

Viser til samtale med bygesak 2. desember 2020, og sender med dette ny dispensasjonssøknad for bygging av parkeringsplass på gbnr 349/9 Rossland.

Alver kommune ynskjer å byggja parkeringsplass til bruk for turgåarar som skal på Eldsfjellet. Den planlagde plasseringa av parkeringsplassen er sett av til framtidig idrettsformål i kommuneplanen for Meland. I denne planen er det sett krav om reguleringsplan for alle område som ligg med dette arealformålet i planen. Det aktuelle området ligg også innanfor sikringssona for drikkevatn. Me søker om dispensasjon frå plankravet i punkt 1.2.1. i kommuneplanen for Meland kommune og dispensasjon til å plassera parkeringsplassen innanfor sikringssona for drikkevatn.

Heile området kring Eldsfjellet, inkludert der parkeringsplassen er planlagt, er i kartlegginga av friluftsområde vurdert til å vera eit svært viktig friluftsområde. Eldsfjellet er eit populært turmål for lokalbefolkinga, og eit utfordrsmål for turgåarar i heile Nordhordlands- og bergensregionen. I dag er det ingen etablerte parkeringsplassar knytt til dette området, og bilar vert difor e langs fylkesvegen eller på privat eigedom f.d. på Skurtveit eller Sætre. På populære utferdsdagar er det så mange bilar parkert i området at det valdar store problem for bønder, fastbuande og hyttefolk. Parkering langs fylkesvegen kan også skapa trafikkfarlege situasjoner.

No er det planar om å byggja dagsturhytte på Eldsfjellet, noko som vil føra til endå fleire turgåarar på Eldsfjellet. Dagsturhytta er eit lågterskeltilbod for turgåarar. Hytta er om lag 15 kvadratmeter og er ein plass der du kan eta matpakka di, få litt varme i deg og bla i bøker. Det er bygd ei dagsturhytte i kvar av dei tidlegare kommunane i Sogn og Fjordane, og prosjektet held fram i tidlegare Hordaland fylke. Alle dei tre kommunane som vart slått saman til Alver kommune får kvar si hytte, og hytta i tidlegare Meland vert altså plassert på Eldsfjellet.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dagsturhyttene er eit svært godt folkehelsetilak som bidrar til å få folk ut på tur, og erfaringar frå Sogn og Fjordane viser at hyttene er svært populære og viktige møteplassar. Den viktigaste målgruppa for dagsturhyttene er born og unge og dagsturhyttene gjer turmåla der hyttene er plasserte endå meir attraktive for denne målgruppa.

Ein parkeringsplass er knytt til turområdet på Eldsfjellet er avgjerande for at området skal kunna utviklast vidare og for at dagsturhytta skal kunna byggjast her. Den planlagde parkeringsplassen vil ha plass til om lag 45 bilar og vil bidra til å løysa dei trafikkale problema i området. Ved ei eventuell framtidig regulering og utbygging av området, vil ikkje parkeringsplassen vera til hinder for dette. Tiltaket omfattar mindre inngrep i landskapet og det vil ved utbygging bli lagt vekt på god visuell tilpassing i terrenget med stadeigen vegetasjon.

Parkeringsplassen vil i seg sjølv ikkje utløysa meir trafikk til området, men den vil samla bilar som per i dag står parkert langs fylkesvegen eller andre stader i området på éin stad. Det vil ikkje vera utslepp frå parkeringsplassen som kan ureina drikkevatnet.

Den aktuelle plasseringa for parkeringsplass er vald fordi den ligg i tilknytning til motorsportsenteret, og ein kan nytta felles avkørsle med dei. Ved større arrangement vil også motorsportklubben ha nytta av denne parkeringsplassen.

Vår vurdering er at omsynet til føreseggnene i kommuneplanen for Meland ikkje vert vesentleg sett til side og at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene i og med at tiltaket ikkje vil vera med å vanskeleggjere framtidig regulering av området samt at tiltaket er enkel tilrettelegging for både friluftsliv og framtidig idrettsanlegg

Tiltaket er ikkje nabovarsla då arbeidet i liten eller ingen grad kjem i konflikt med interessene til naboar og gjenbuarar jf plan- og bygningslova § 21-3, andre leidd. Grunneigar har skrive avtale med med kommunen som gjev kommunen rett til å bygga og drifta ein parkeringsplassen på den aktuelle eigedomen. Det ligg også føre skriftleg avtale med eigar av naboeigedomen der motorcrossbana ligg om bruk av felles avkørsel, og Vestland fylkeskommune som vegmynde har gjeve førebels tilsegn om løyve til utvida bruk av avkøyrsla til motorsportsenteret og til å byggja parkeringsplassen inntil 10 meter frå midten av fylkesvegen.

Med helsing
Alver kommune, Bygg, areal og grønt

Trond Engelsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avtale om leige av tomt til parkering Vidar Rossland Ryland

Svar - Søknad om dispensasjon fra byggegrense - parkeringsplass - fv. 5318 - gbnr 347/9 Rossland

Førehandstilsagn - Søknad om utvidet bruk - fv. 5318 - gbnr 347/122 Rossland

Prinsippskisse.pdf

Fullmakt avkøyrslsle

G.nr.347 B.nr.9_500_blå

G.nr.347 B.nr.9_1000_blå

Mottakarar:

Plan og byggesak